

Besøk av biskopen



Biskopen tok seg tid til eit besøk på ATS i eit hektisk Lustra-program, noko medarbeidarane og leiinga ved senteret sette stor pris på.



Teamleiar Anita Bøen viste biskopen med følge rundt i vaskeri-delen av nybygget, der maskinhallen er sjølve kjernen i drifta.



Leiar ved ATS Odd Atle Stegegjerdet synte biskopen rundt på senteret, og nytta høvet til å visa fram alle dei gode og samfunnsnyttige oppgåvene som vert utført her

Biskop Ragnhild Jepsen besøkte Luster i perioden 25. – 31. august. Det vart tid til eit besøk på ATS den 26.august, der biskopen fekk sjå noko av alt arbeidet som vert utført på senteret: Vaskeri, kjøkken- og kantinedrift, vedproduksjon, grøntarbeid,

gravstell, transport og mykje meir. Biskopen deltok på ei snøgg omvisning, og det vart også høve til samtalar med nokre av medarbeidarane på turen gjennom avdelingane. Medarbeidarane på ATS er svært glade for at biskopen tok seg tid

til eit besøk hjå dei i eit travelt program i Luster. Det er godt å registrera at kyrkja forstår kor viktig ein arbeidsplass som ATS er for dei mange som treng eit tilrettelagt arbeid.

Foto: Vadym Chupryna



Kjøkkenet ved ATS leverer matvarer m.a. til Kafé Kvild. Her er Randi og teamleiar Jane Engjom i arbeid med ei platekake. Latteren sit laust hjå dei som jobbar på kjøkkenet, og møtet med biskopen vart ikkje noko unntak.



Tor Stian helsar på biskopen. Det er stas med besøk på arbeidsplassen, og han viser gjerne fram oppgåvene han jobbar med.



Teamleiar Kjetil Fardal syner fram produksjonlinja for ved, og fortalde biskopen om arbeidet i vedhallen og alt det andre som vert gjort ved avdelinga ute.

Nytt frå ATS

Nytt kjøkken



Det nye kjøkkenet ved ATS vart teke i bruk 27. oktober. Kjøkkenet er del av ei større utbygging og utvikling ved senteret. Nybygget som bla. husar vaskeri med tilhøyrande arbeidsareal, møterom, treningsrom og fellesareal er allerede teke i bruk. Det nye kjøkkenet er bygd i arealet som tidlegare var vaskeri, og vil gje romslegare og betre arbeidsforhold for dei mange som har sitt daglege virke her. Arealet er vesentleg større enn i det gamle, arbeidslinjene er godt planlagde, og serveringa til kantina vil gå direkte gjennom store skyvevindauger. Det er kjøpt ein del nytt utstyr og inventar. Det som har vore mogleg å bruka om att har blitt med på flyttelasst.



FOLKELIV I LUSTER – EI DYNAMISK FOTOUTSTILLING

Foto-utstillinga Folkeliv i Luster på Pyramiden

Vadym Chupryna har budd i Luster ca. to år. Han er flyktning frå Ukraina og er fotograf av yrke. Vadym og leiari ved ATS Odd Atle Stegegjerdet har fått avtale med Pyramiden om å nytta eit ledig veggrområde i første etasje til utstillinga Folkeliv

i Luster. Utstillinga er tenkt dynamisk, slik at den skal kunna utviklast/endrast over tid både med nye tema, og nye bilete innafor eksisterande tema. Denne utstillinga kan seiast å vera Vadym og ATS sitt bidrag til at lustringane får høve til å bli litt betre kjend med ein del av alt som skjer i eigen kommune, og samstundes kan ein kanskje få auge

på seg sjølv i eit av dei fantastiske portrettfotoa Vadym har teke.

I skrivande stund (23.10.25) har utstillingen foto frå følgjande deltema: Besøk av biskopen, valkamp i Luster, opning av nybygg ved ATS, Eldredagen 1. oktober, Seniorliv i Luster.



